

Status frå fylkeskommunen sine fagområde pr 30.04.20..

Status for DKS/Kulturformidling

Program i Den kulturelle skulesekken er avlyste frå 13. mars og ut april. Frå 4. mai vil det vere aktuelt å gjennomføre nokre program, men med avgrensingar i samsvar med smittevernråda. Til erstatning for fysiske møte har fleire av programtilbydarane/utøvarane utarbeidd digitale formidlingsprogram.

Utøvarar/programtilbydarar får betalt for avtalte oppdrag i perioden, men med atterhald om at program kan gjennomførast på eit seinare tidspunkt om fylkeskommunen ynskjer det og utøvar har høve til det. Honorar for avlyste program vert likevel ikkje utbetalt om innteksttap er dekt gjennom andre støtteordningar

Når det gjeld produksjonar for hausten, vert situasjonen vurdert fortløpande.

Det har vore eit godt samarbeid i denne perioden mellom Kulturtanken, fylkeskommunane og utøvarar/programtilbydarar om å finne løysingar og å utvikle digital formidling. Dette vil vi nyte godt av i det vidare arbeidet.

Status i biblioteksektoren

Alle biblioteka i fylket er stengt frå 16.mars. Det gjeld folkebibliotek, skulebibliotek, bibliotek på universitet og høgskule. Ingen tilsette er permitterte.

Nasjonalbiblioteket har fordelt 20 mill. kroner til ekstra innkjøp av e-bøker i folkebiblioteka. Midlane er fordelt etter folketal. Innkjøpskonsortiet i Vestland fylke, som omfattar alle kommunar utanom Bergen, har fått 1,231 mill. kr av denne potten. Bergen Off. Bibliotek har fått 1,055 mill. kr. Utlån av e-bøker i Vestlandskonsortiet auka med 150% i perioden 12.03 - 15.04 samanlikna med månaden før.

I samband med tiltakspakken for å sikre publikum tilgang til bibliotektenester, har Nasjonalbiblioteket delt ut 5 mill. kroner til digital formidling. Av desse har Vestlandskonsortiet fått kr 330 000 og Bergen Off. Bibliotek kr 264 000. Hovudutval for kultur helse og integrering har løyvd kr 450 000 til digital formidling i folkebiblioteka. Løyvinga blir lyst ut med søknadsfrist 20.mai.

Den etablerte delingskulturen i biblioteka gjer at sjølv dei minste biblioteka kan gi tilbod om digitale arrangement, e-bøker og anna digitalt innhald. Den viktigaste plattformen for formidling er biblioteket sin nettstad. For nokre bibliotek er det ei utfordring at dei ikkje har gode nok nettstader. Det vil difor bli mogleg å søke om støtte til utvikling av biblioteknettstade frå løyvinga til digital formidling.

Meir enn 22 kommunar i Vestland har etablert ordning med at ein kan bestille bøker og hente på avtalt tidspunkt utanfor biblioteket («take-away-bibliotek»). Det er sett i gang eit nasjonalt arbeid med retningslinjer for gjenopning av folkebiblioteka.

Viktig langsiktig politikk på feltet

Koronasituasjonen har ført til auka tilbod og auka i bruk av digitale tenester på biblioteka. Nye og gamle brukarar har vent seg til å «gå på» digitale arrangement og til å lese -e-bøker og anna digitalt materiale. Satsinga har vore mogleg på grunn av to tiltakspakkar frå staten og omdisponering av midlar til Modellbibliotekprogrammet. Det er positivt at Nasjonalbiblioteket har gitt løyving til fylkeskommunen, framfor tilskot til nokre få kommunar etter søknad. Denne praksisen bør følgjast opp når det blir lyst ut prosjektmidlar i åra som kjem.

I budsjettet for 2021 må det takast høgde for å oppretthalde og utvikle digitale bibliotektenester og at løyvinga til Modellbibliotekprogrammet kjem inn at på budsjettet i samsvar med vedtak i KULII. KULII har vedtatt eit mål om at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar i 2019 var løyvinga 24% av innkjøpsbudsjettet.

Status på arkivområdet

Seksjon Arkiv arbeider med bevaring, vedlikehald, tilgjengeleggjering og formidling av immaterielle kulturminne». Det tyder at vi skal sørge for at dokumentasjonen finst og at den er tilgjengeleg på brukarane sine premisser. På den måten er seksjonen berørt av krisen på ein annan måte enn dei andre seksjonane. Ein kan gjerne seie at situasjonen ikkje er prekær på same måten, så lenge det er opna opp for betjening av dokumentasjon som er kritisk for tredjepart. Utfordringa er først og fremst av økonomisk art for seksjonen, og då i fremste rekke for dei oppdraga som seksjonen utfører mot betaling innanfor kommunearkivordninga. Den er også kritisk med tanke på eksternt finansierte prosjekt som nå ikkje vert fullført.

Viktig langsiktig politikk på feltet

Politikken vert ikkje påverka direkte av Korona-krisa, men synleggjer kor viktig det er å ha tilgjengeleg rettighetsdata og anna type dokumentasjon som tredjepart har behov for i situasjonar der samfunnet er heilt eller delvis nedstengt. Digitaliseringspolitikken vil vere av relevans her.

Konkrete utfordringar no og over sommaren.

Utfordringa blir å kunne tilby dokumentasjon og rettleiing under andre omstende og på ein annan måte enn brukarane er vant til. Det vil truleg vere eit krav om auka digital tilgjenge av data, dersom rørslefridomen og tilgangen på fysiske arkiv blir avstengt.

Andre viktige tilhøve som må vurderast no eller litt meir langsiktig.

Arkiv og dokumentasjon som kjem inn under omgrepet rettighetsdokumentasjon og anna representativ samfunnsdokumentasjon som gjeld Vestland må sikrast og vere tilgjengeleggjort slik at ikkje tredjepart vert skadelidande. Digitalisering av kjeldemateriale bør vere del av langsiktig politikk og beredskap på både kort og lang sikt.

Kva positive verknader, hendingar og tiltak kan vi sjå ut av situasjonen. Kva kan vi lære og ta med oss vidare.

Dei positive verknadane er at den digitale brukarkompetansen hos folk flest er blitt styrka. Dette gjev seksjonen større høve til å bevisstgjere brukarane om kva dokumentasjon som finst og kva rettar og tilgang dei har til denne dokumentasjonen. I tillegg gjer det seksjonen i betre stand til å formidle dokumentasjonen brukarane sine premisser. Kommunikasjonen på tvers av geografiske avstandar mellom dei tilsette i seksjonen vert betre.

Kulturarv - Innspel til tiltak og prioriteringar i høve koronasituasjonen

Viktig langsiktig politikk på feltet

Museum

Vestland er eit stort museumsfylke med ti konsoliderte museum. Gjennom ein aktiv museumspolitik arbeider Vestland fylkeskommune for å gi gode rammevilkår for musea og deira arbeid med historia og kulturarven.

Fartøy

Som kyst- og fjordfylke er Vestland naturleg rik på maritim historie og er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy. Fartøyvernet i Vestland byggjer på ein stor frivillig innsats og sterke fagmiljø. Eit hovudmål for Vestland fylkeskommune er å styrke vilkåra for dei som forvaltar og driftar fartøya, sikre vidareføring av kunnskap og gi gode rammer for rekruttering av nye generasjonar.

Freda bygg

Fylkeskommunen har forvaltningsansvaret for freda bygningar og anlegg og gir råd og rettleiing i samband med istandsetting. Private eigarar av freda bygningar og anlegg kan søke fylkeskommunen om tilskot til istandsetting og vedlikehald av bygg.

Arkeologisk registreringsarbeid

Fylkeskommunen er delegert myndigheit til å gjennomføre arkeologiske registreringsundersøkingar. Det er eit overordna mål for fylkeskommunen å kunne tilby tiltakshavarar rask handtering av registreringsundersøkingar knytt til plan- og byggesaker eller andre mindre tiltak. Fylkeskommunen har difor tilsette feltarkeologar som utfører denne tenesta.

Sakshandsaming kulturminnevern

Sakshandsamarar med ansvar for nyare tids kulturminne samhandlar med bygningsvernkonsulentane ved musea, då bygningsvernkonsulentane sender inn synfaringssrapportar som gjeld tilstands- og verdivurderingar. Desse rapportane er viktig som del av fylkeskommunen sin sakshandsaming og rådgjeving.

Konkrete utfordringar no og over sommaren.

Museum

Musea har vore stengt sidan 13. mars etter pålegg frå staten. Fleire av musea har sett seg nøyd til å permittere tilsette. Mange av musea er avhengig av eigeninntekter. Dette gjeld i første rekke dei større musea (til dømes Bymuseet, Museum Vest, Hardanger og Voss museum, Museumssenteret i Hordaland og Kode). Baroniet i Rosendal står her i ei særstilling, der heile 71 % av drifta kjem frå eigeninntekter (2018). Dei mindre musea har til no ikkje hatt dei same utfordringane, og har i stor grad klart å unngå permitteringar. Men dersom musea må halde stengt i sommarsesongen (1.mai-30. september) vil også dei bli hard råka i forhold til inntekter knytt til billettsal og arrangement.

Fartøyvern

Seglingssesongen for verneflåten er utsett og må truleg avlysast. Norsk Forening for Fartøyvern har på bakgrunn av spørjeundersøking blant sine medlemmer estimert eit tap på 97 millionar for sine medlemsfartøy, i alt 195 fartøy. Vestland har 37 fartøy som er medlem i Norsk Forening for Fartøyvern.

Norsk Forening for Fartøyvern føreslår kompensasjon for tapte driftsinntekter og auke i tilskot over post 74 på Statsbudsjettet (tilskot til istandsetjing og vedlikehald).

Freda bygg

Eigarar (stiftingar og frivillige) av freda bygg kan frå utfordringar med drifta grunna fall i eigeninntekter og lågare betalingsvilje hos leigetakarar. Freda bygg som er avhengig av turistnæringa er særleg utsett. Generelt vil dei som driv utleige til festlokale/catering, restaurantar, overnatting, butikkar og kulturverksemdar bli råka.

Tenesteproduksjon knytt til arkeologisk registreringsarbeid

Fylkeskommunen gjennomfører framleis arkeologiske registreringsundersøkingar på vegne av tiltakshavarar. Innførte smitteverntiltak som avstand og ein arkeolog per bil og bueining kan påverke effektiviteten i høve til allereie oppsette budsjett. For brukarane våre kan det medføre forseinkingar i planframdrift. Til no har det kun vore mogeleg å gjennomføre enkle oppdrag som ikkje har medført overnatting.

Sakshandsaming kulturminnevern

Dersom bygningsvernkonsulentane på musea vert permittert, kan dette få negative konsekvensar for private eigarar av verneverdige bygningar (søknad til kulturminnefondet) og sakshandsamingsrutinar i fylkeskommunen og rådgjeving til kommunane.

Andre viktige tilhøve som må vurderast no eller litt meir langsiktig.

Museum

For å ha fleire bein å stå på er museumssektoren vorte oppfordra av staten til å auke sine eigeninntekter (private midlar, billett-; leige- og salsinntekter). Dei musea som har jobba hardt for å få slik auke i eigeninntekter, vert no særleg hardt råka av korona-krisa. Musea som har høg eigeninntening og liten eigenkapital kan no oppleve likviditetsproblem. Det er ei forventning frå musea at dei vert kompenserte for bortfall av inntekter. Fylkeskommunen bør difor jobbe opp mot staten for å få på plass ei slik kompensasjonsordning.

Musea er også opptekne av stimuleringsmidlar for å kome tilbake igjen i normal og aktiv drift. Her bør fylkeskommunen sjå på korleis ein kan innrette ei ordning med kulturelle utviklingsmidlar (KUP-midlar), eventuelt i kombinasjon med tilskotsordninga Museumsløft. Museumsløftordninga har vanlegvis vore lyst ut med søknadsfrist 1.september.

Fartøy

Fylkeskommunen fordelte fylkeskommunale tilskot (SAVOS-ordninga) til både drift og istandsetjing i møte i hovudutvalet i slutten av februar. Då mange av fartøya truleg får problem med

drift denne sesongen, har vi allereie no signalisert at det vil vere mogeleg å få omdisponert desse midlane til istandsetjing og vedlikehald.

Parallelt med dette bør fylkeskommunen støtte opp om Norsk Forening for Fartøyvern sitt forslag til kompensasjon frå staten for tapte driftsinntekter.

Generelle langsiktige utfordringar på kulturarvsektoren:

- Kulturmiljø og museum er del av verdikjeda i ei reiselivsnæring som er sterkt råka av krisa (18% konkursrisiko).
- Tapte driftsinntekter for frivillige lag og foreningar (publikumsretta arrangement)
- Tapte driftsinntekter for eigarar av nasjonale kulturminne opne for publikum
- Musea vil måtte bruke ekstra ressursar på å planlegge for gjenopning og tilrettelegging når nye retningslinjer for musea kjem

Framlegg til fylkeskommunale tiltak:

- Styrke etablerte prosjekt- og driftstilskotsordningar
- Gi ekstraordinær driftsstøtte/kompensasjon til museum med eigeninntening over 20-30% og eit dokumentert bortfall av driftsinntekter i høve rekneskap frå 2019, vedteke budsjett for 2020 og samanhaldt med innsparte lønskostnader ved evt. permittering.

Kva positive verknader, hendingar og tiltak kan vi sjå ut av situasjonen. Kva kan vi lære og ta med oss vidare.

Musea gjer eit viktig samfunnsoppdrag. At mange av dei største musea har følgd opp nasjonale føringar om å sikre større del eigeninntekter, gjer at dei no står i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Dette er viktig læring.

Tidspunkt for dei inngripande tiltaka kom før mange av musea hadde tilsett for høysesong, noko som har redusert konsekvensane.

Situasjonen har heva den digitale samhandlingskompetansen generelt i samfunnet. Musea melder om positive erfaringar kring auka fokus på kontakt med publikum via digital formidling. Dette er noko dei ønskjer å ta med seg og utvikle vidare.

Musea har fått tid til å arbeide meir med ikkje-publikumsrelaterte oppgåver som styrking av planverk, digitalisering/samlingsforvaltning, kulturlandskap i drift og istandsetting av kulturhistorisk eigedom med vedlikehaldsetterslep.

Olav H. Hauge-senteret har fått støtte frå Fritt ord til prosjektet «Åleine Saman». Her vert forfattarar, musikarar og samfunnsdebattantar utfordra til å gi sitt bilete av situasjonen vi no er oppe i. Dette prosjektet kan gi både eit augeblikksbilete i 2020, samt viktig læring av kva som skjer i samfunnet når vi står oppe i slike kriser.

Status for idrett og friluftsliv

Utsette kompetansetiltak i regi av Vestland fylkeskommune

Anleggskonferanse på Voss 28.- 29. april 2020 i samarbeid med Vestland idrettskrets er utsett til 2021. Det vert arbeidd for at enkelte av innlegga vil bli gjennomført som webinar hausten 2020. Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2.-3. september 2020 vert gjennomført digitalt om nasjonale retningslinjer gjer at den ikkje kan gjennomførast fysisk. Seminar om statleg sikring av friluftsområde i Kinn 6. mai og i Sogndal 7. mai er utsette til hausten 2020. Alle planlagde fysiske møter, synfaringar og revisjonsmøter i samband med plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunane er utsett.

Verksemda til dei regionale idretts- og friluftslivorganisasjonane er sterkt prega av koronapandemien. Under er det skildra situasjonen til nokre av aktørane innan fagfeltet.

Norges Idrettsforbund kartlegg jamleg konsekvensar for alle idrettslag. Lag med tilsette, som eig anlegg og har store arrangement har størst utfordring økonomisk. Fleire store arrangement er flytta frå vår til haust og sponsormarknaden er vanskeleg. I perioden 12. mars - 3. april var det stans i all aktivitet og gjennomføring av årsmøte. Norges idrettsforbund har utarbeidd fellesidrettslege tilrådingar i samråd med Helsedirektoratet og kva særiddrett har utvikla sine koronavettreglar i

samsvar med desse. Kommunane har sine tilrådingar i høve til bruk av offentlege anlegg. Vestland idrettskrets gjennomfører digitale kurs og skal gjennomføre kretstinget digitalt i juni. Arbeidsoppgåver vert kartlagt og det kan bli aktuelt med permitteringar. I særkrinsane er sesong utslagsgjevande for kor hardt ramma dei er økonomisk. Mange tilsette er permittert.

Når det gjeld toppidretten er meisterskap utsett, m.a. er OL i Tokyo utsett til 2021. Olympiatoppen Vest gjennomfører digitale kurs, treningsøktar og individuelle konsultasjonar, og dei følgjer opp trenarar i høve til å ta i bruk digitale verkøy. Det er utfordrande med manglande tilgang til anlegg for profesjonelle toppidrettsutøvarar, t.d. svømmehall, ballidrettar og reingjering av utstyr.

Den Norske Turistforening kartlegg konsekvensar av koronapandemien for alle turlag. All aktivitet er avlyst og turlaga fråråder hyttebesøk (nødbuer) i første omgang fram til 1. mai. I Bergen og Hordaland Turlag er 19 av 22 tilsette permittert 30. mars - 26. april. Alle er no tilbake i deltidreduserte stillingar m.a. pga. tilsegn på prosjektmidlar frå fylkeskommunen (lågterskel fysisk aktivitet). Tursenteret i Bergen var stengt 12. mars - 23. april, og er no open med redusert drift. 3/4/7-fjellsturen i Bergen er utsett til 13.9. Arrangementet genererer vanlegvis omlag kr 1 million kr i overskot. Stipulert tap på kr 800.000-900.000 i mars og april. I Sogn og Fjordane Turlag er dagleg leiar permittert i 80% og tursenter i Førde stengt. Lokallaga har økonomisk tap p.g.a. stengte turlagshytter.

Friluftsrådene Landsforbund har kartlagt konsekvensar i alle friluftsråda. I Vestland gjeld dette Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Fjordane friluftsråd. All organisert aktivitet er avlyst og hytter stengt, og arbeid med strandryddig/marin forsøpling er utsett. Dei utfører driftsarbeid ute i mindre grupper. Dei har kartlagt moglege sysselsettingstiltak i friluftsområda. Det er for tidleg å seie noko om finansielle konsekvensar.

Utsyn

Korona-pandemien har ført til ei digital omstilling som ein vil dra nytte av også i framtida. Tilrettelegging for digitale kurs og samlingar gjer at fleire får tilgang på kompetanse både ved direkte deltaking, men og ved at filming av innlegga vert lagra og kan nyttast på andre tidspunkt og i andre samanhengar. Digitale nettverkssamlingar blir eit godt supplement til fysisk møteplassar. Det vert ein lågare terskel for deltaking både når det gjeld tid, økonomi, og reiseverksemd. Dette har og positive verknadar for klima.

Status kunst og kulturutvikling

Store deler av det verksemdsområdet som høyrer inn under seksjon for kunst- og kulturutvikling vil verte svært råka av koronakrisa på ulikt vis. Fleire vil nok kunne nytte statlege kompensasjonsordningar t.d. permitteringsordningar. Men kunst- og kulturfeltet driv i utgangspunktet ofte med svært små marginar og ustabil økonomi og er såleis veldig sårbare - både på organisasjons/institusjonsnivå og enkeltkunstnarar.

Det visuelle kunstfeltet kan nok no etter kvart ha høve til å formidle sin kunst ved å legge til rette for aktivitet samtidig som ein tek i vare naudsynte smittevernomsyn.

Fylkesrådmannen vil trekke fram musikk og teaterfeltet. I dette feltet vil det kunne vere restriksjonar på drifta/aktiviteten over ein lang periode. Det har vore gode digitale stunt, men det vert på litt lengre sikt vanskeleg å legge til rette for aktivitet med høg kvalitet og samtidig ivareta godt smittevern. For mange av desse arrangementa er også den sosiale delen av tilbodet svært viktig, og det kan vere vanskeleg å drive verksemda over lengre tid utan denne dimensjonen. Musikkfestivalane er særskild råka. Våren og sommaren er høgsesong for festivalar, og etter siste påbod frå regjeringa har svært mange avlyst årets festival. Fylkeskommunen løyver midlar over eiga line i budsjettet til nokre av dei største festivalane, og ein del andre festivalar får prosjektstøtte.

Konsekvensar for fylkeskommunen sine eigne arbeidsoppgåver

Som ein ser av statusrapportane så går fylkeskommunen sine ordinære arbeidsoppgåver i hovudtrekk som før. Vi er i den unike situasjon at ingen er permittert og at mykje av arbeidet går tilnærma normalt, men nokre tilpassingar. Det er i særleg grad der fylkeskommunen er tenesteproducent ein ser konsekvensar for drifta. Dette gjeld som skissert ovanfor særleg Den kulturelle skulesekken og Ung kultur møtast som vart avlyst i år. Det gjeld tenesteproduksjon knytt

til arkeologisk registreringsarbeid der det for brukarane våre kan vere forseinkingar i planframdrift. Til no har det verre vore mogeleg å gjennomføre enkle oppdrag som ikkje har medført overnatting. Det gjeld også kommunearkivet der utfordringa først og fremst er økonomisk sidan dei oppdraga som seksjonen utfører mot betaling innanfor kommunearkivordninga er innstilt.

Fylkeskommunen ser også positive ringverknader av situasjonen, der bruk av heimekontor, digitale samhandlingsplattformer internt fungerer godt. Vi har også løfta den digitale kompetansen i organisasjonen monaleg, og vi meiner vi har vore ein pådrivar også for digital kommunikasjon ovanfor eksterne aktørar. Dette er kompetanse vi tek med oss vidare uavhengig av korleis situasjonen vert framover. Samanrissinga av 3 arbeidsplassar til ein organisasjon har også gått raskare enn forventa grunna den digitale samhandlinga på tvers.